



Design: Marit Heggenhougen | emykdesign.no Foto: Jorunn Løvlie og Sigrun Romuld

Prisar

(per person over 16 år):

Omvisning og konsert: kr 200

Berre konsert: kr 150

Berre omvisning: kr 150

Barn under 16 år gratis

Lunsjbuffet på Granavolden Gjæstgiveri Pris kr 220. Barn halv pris.

Søsterkyrkjene og Granavolden Gjæstgiveri ligg 3,5 km fra Rv. 4.

Vegen til Søsterkyrkene er godt skilta frå riksvegen. Det er ca 7 mil frå Oslo til Granavollen.



Malstraum i Mariakyrkja

Bli med Bygdelagskoret
på sundagstur til
Granavollen!

25. september 2011

www.bygdelagskoret.org
www.granavolden.no

M

IDT I EIT VAKKERT kulturlandskap ligg Granavollen, av mange kalla «Norges Toscana». Her har det frå gammalt vore eit kulturelt, religiøst, juridisk og geografisk sentrum. Her gjorde pilgrimane på veg til Nidaros ein stopp. Den gamle hovudferdselsåra mellom Oslo og Bergen, «Den gamle kongevei», kan ein følgje den dag i dag slik han vart lagt. Sjølv Granavollen framstår som ein landsby i miniatyr rundt «kyrkjevangen».

Søsterkyrkjene

På det høgaste punktet står Søsterkyrkjene som eit landemerke. Den største av dei, Nikolaikyrkja, er hovudkyrkja i bygda og har mange trekk felles med Gamle Aker i Oslo. Den andre er kalla Mariakyrkja.


Dette er den einaste staden i Norge det står to middelalderkyrkjer side om side. Kvifor akkurat her? Forklaringane har vore mange og til dels fantasifulle. Det var to søstrer som vart uvener og bygde kvar si kyrkje, meinte dei lenge. Men så viser det seg at kyrkjene er frå kvart sitt århundre, frå 1100- og 1200-talet.

Granavolden Gjæstgiveri

På andre sida av vangen ligg Granavolden Gjæstgiveri. Her var Gregers Granavolden bonde på 1700-talet. I 1716 fekk han «Kongelig Privilegium» til å drive gjæstgiveri etter at han i spissen for 60 hadelandsbønder hadde opphalde 600 svenske karolinar ved Harestua under den store nordiske krigen. Gregerstua, som stadig er i bruk, er ein del av det aller første gjæstgiveriet.

Steinhuset

Like ved står Steinhuset frå 1200-talet. Utsjånaden kan minne om Håkonshallen i Bergen. Har det vore ein liten gildehall? Eller har det vore eit losjihus for pilegrimar og andre reisande? Teoriane er mange, men ingen er sikre.



Malstraum i Mariakyrkja

Folketonar og songar frå mellomalderen

Konsert med Bygdelagskoret i Mariakyrkja kl 17.00

Dirigent: Anne-Line Sandegren

Perkusjon: Ulrik Ibsen Thorsrud



Omvisning

Omvisning med guide i Søsterkyrkjene kl 14.30

Omvisning med guide i Steinhuset kl 16.00



Granavolden Gjæstgiveri tilbyr lunsjbuffet i tidsrommet 12.30-14.00